

Vestlandsforskningsnotat nr. 11/2009

Korleis konkretisere arbeidet for eit meir berekraftig reiseliv?

**Eksempel frå arbeidet med strategisk reiselivsplan i Sogn og
Fjordane 2009**

Carlo Aall, Ståle Brandshaug

Vestlandsforsking notat

Tittel	Notatnr: 11/2009
Korleis konkretisere arbeidet for eit meir berekraftig reiseliv? Eksempel frå eit arbeid med strategisk plan for reiselivet i Sogn og Fjordane anno 2009	Dato 21.12.2009
	Gradering: Open
Prosjekttittel	Tal sider: 28
Sustainable Destination Norway 2025	Prosjektnr: Prosjektnr 6124
Forskar(ar)	Prosjektansvarleg
Carlo Aall og Ståle Brandshaug	Stefan Gössling
Oppdragsgjevar	Emneord
Norges forskningsråd	Berekraftig reiseliv, klima

Andre publikasjonar frå prosjektet

- Gössling, S., Peeters, P., and Scott, D. 2008. Consequences of climate policy for international tourist arrivals in developing countries. *Third World Quarterly*, 29(5): 873-901
- Hultman, J. and Gössling, S. 2008. Tourism and the internationalisation of the environment. In Hall, C.M. and Coles, T. (eds) *Tourism and International Business*. London, Routledge, pp. 70-83
- Scott, D., Amelung, B., Becken, S., Ceron, J.-P., Dubois, G., Gössling, S., Peeters, P., Simpson, M. 2008. Climate Change and Tourism: Responding to Global Challenges. United Nations World Tourism Organization (UNWTO), United Nations Environment Programme (UNEP) and World Meteorological Organization (WMO), UNWTO: Madrid, Spain.
- Simpson, M.C., Gössling, S., Scott, D., Hall, C.M. and Gladin, E. 2008. Climate Change Adaptation and Mitigation in the Tourism Sector: Frameworks, Tools and Practice. United Nations Environment Programme (UNEP), University of Oxford, United Nations World Tourism Organization (UNWTO), World Meteorological Organization (WMO), Paris, France
- John Hille, Frida Ekström, Carlo Aall, Eivind Brendehaug (2009): *Klimamerking av mat – er det mulig?* VF-rapport 8/2009. Sogndal: Vestlandsforsking

ISSN: 0804-8835

Pris: 100 kroner

Forord

Forskingssenteret for berekraftig reiseliv i Sogndal får stadig spørsmål om kva betyr "eigentleg" berekraftig reiseliv; kva inneber dette meir konkret?

Dette notatet er laga med utgangspunkt i eit innspeil frå Vestlandsforskning til strategisk reiselivsplan for Sogn og Fjordane som Sogn og Fjordane fylkeskommune og reiselivet i Sogn og Fjordane har utarbeidd med hjelp frå Høgskulen i Sogn og Fjordane. I skrivande stund er det ikkje kjent kva den endelege teksten i planen vil bli, og kor mykje av innspeilet som vil bli tatt inn.

Føremålet med dette notatet er ikkje å gje ei omtale av den faktiske reiselivsplanen for Sogn og Fjordane, men å vise meir konkret kva berekraftig reiseliv *kan* innebere for reiselivsutviklinga i Noreg, med eksempel frå arbeidet med strategisk reiselivsplan i Sogn og Fjordane og elles dei ulike debattane Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane har delteke i dei siste åra omkring kva berekraftig reiseliv kan innebere. Det inneber at dei konkretiseringane som står i dette notatet må sjåast opp mot den konkrete samanhengen dei inngår i; nemleg utfordringar som er særprega for Sogn og Fjordane og korleis debatten omkring reiselivsutviklinga er skrudd saman i dette fylket. For andre fylke og elles andre typar samanheng vil debatten om berekraftig reiseliv kunne arte seg annleis; men vi håper likevel dette notatet kan vere med å gjere debatten om berekraftig reiseliv meir oversiktle og konkret.

Sogndal, 21. desember 2009

Carlo Aall
Forskningsleiar
Vestlandsforskning

Ståle Brandshaug
Prodekan ved Avdeling for økonomi, leiing og reiseliv
Høgskulen i Sogn og Fjordane

Innheld

KJÆRT BARN HAR MANGE NAMN	5
SOGN OG FJORDANE: BEST OG DÅRLEGAST PÅ MILJØ?.....	8
REISELIV OG MÅLET OM EI BEREKRAFTIG UTVIKLING	9
MILJØTILPASSA REISELIV	9
GEOTURISME.....	9
BEREKRAFTIG REISELIV	9
KVA RELASJONAR MELLOM REISELIV OG BEREKRAFT VERT VEKTLAGT?	11
EIT BEREKRAFTIG REISELIV I SOGN OG FJORDANE?.....	13
HOVUDUTFORDRINGAR.....	13
DEI ØKOLOGISKE BEREKRAFTUTFORDRINGANE	14
<i>Støy.....</i>	14
<i>Lokal ureining</i>	14
<i>Arealbruk.....</i>	14
<i>Klimagassutslepp og energiforbruk.....</i>	15
<i>Biologisk mangfold.....</i>	16
<i>Samla vurdering av den økologiske berekrafta for reiselivet i Sogn og Fjordane</i>	16
GEOTURISME SOM UTFORDRING.....	17
<i>Lokal eigenart.....</i>	17
<i>Lokal verdiskaping</i>	17
MILJØBASERT REISELIVSUTVIKLING	18
<i>Kvalitetar i dagens natur og samfunn</i>	18
<i>Konsekvensar av klimaendringar</i>	20
EKSEMPEL FRÅ SOGN OG FJORDANE PÅ UTVIKLING AV MÅL OM EIT BEREKRAFTIG REISELIV	22
HOVUDMÅL 1: AUKE I TAL GJESTEDØGN.....	22
<i>Delmål 1.1: Turisme året rundt – vinterturisme og sommarturisme</i>	22
<i>Delmål 1.2: Fleire norske turistar enn utanlandske turistar.....</i>	23
HOVUDMÅL 2: AUKA VERDISKAPING	23
<i>Delmål 2.1: Auka verdiskaping i hotell- og restaurantnæringa</i>	25
<i>Delmål 2.2: Fleire arbeidsplassar i hotell- og restaurantnæringa</i>	25
<i>Delmål 2.3: Auka verdiskaping i landbruksturismen</i>	25
<i>Delmål 2.4: Auka verdiskaping i opplevingsnæringane</i>	25
HOVUDMÅL 3: AUKE BEREKRAFTA I REISELIVSUTVIKLINGA I SOGN OG FJORDANE	25
<i>Delmål 3.1. Utarbeide eit system for periodiske fylkesvise berekraftrekneskap.....</i>	25
<i>Delmål 3.2 Redusere både den lokale og globale miljøbelastninga frå reiselivsnæringen.....</i>	26
<i>Delmål 3.3 Styrke den lokale eigenarten ved reiselivet.....</i>	26
<i>Delmål 3.4 Styrke ressursgrunnlaget for den miljøbaserte reiselivsutviklinga</i>	26
ETTERORD: KOR BEREKRAFTIG KAN REISELIVET BLI?.....	27

Kjært barn har mange namn

Det er mange omgrep som vert nytta om forholdet mellom reiseliv og miljø. Grønt reiseliv, miljøbasert reiseliv, miljøvenleg reiseliv, berekraftig reiseliv, geoturisme osb.

Regjeringa sin reiselivsstrategi nyttar omgrepet "berekraftig reiseliv", og har som mål at norsk reiseliv skal bli meir berekraftig. Det er difor naturleg å ta utgangspunkt i dette målet også for reiselivsutviklinga i Sogn og Fjordane. Men for å kome eitt skritt nærmare å konkretisere innhaldet i ei slik overordna målsetting er det naudsynt å sjå litt nærmare på sjølve omgrepet berekraftig reiseliv.

Det første vi kan slå fast er at omgrepet berekraftig reiseliv har sitt utspring i målet om ei berekraftig utvikling slik dette er omtalt i Brundtlandrapporten frå 1987 (eller "Vår Felles Framtid" som er det korrekte namnet) lagt fram av FNs Verdenskommisjon for miljø og utvikling, som igjen vart leia av tidlegare statsminister Gro Harlem Brundtland. I norsk politikk er den sentrale kjelda for den offisielle forståinga av berekraftmålet St meld nr 58 (1996 - 97): "Miljøvernpolitikk for ein berekraftig utvikling"¹.

Det neste vi kan slå fast er at berekraftmålet har sitt utspring i to debattar: miljødebatten og utviklingsdebatten (altså debatten om ei meir rettvis fordeling av godar mellom den rike og fattige delen av verda).

Det er soleis mange og viktige politikkområde som ikkje er omfatta av målet om ei berekraftig utvikling, t.d. distriktpolitikk og næringspolitikk. Det er – eller kan vere – meir eller mindre tydelege samspel (positivt så vel som negativt) mellom målet om ei berekraftig utvikling og andre politikkområde. I tilfelle med negative samspeleffektar – som det t.d. ofte er mellom næringspolitikk og målet om ei berekraftig utvikling – må ulike mål vegast opp mot kvarandre. Dessverre blir slike potensielle målkonflikter ofte skjult gjennom kvasiomgrep som t.d. "økonomisk berekraft" og "berekraftig vekst" – begge omgrep som ikkje har sitt utspring i Brundtlandrapporten (eller for den del i Stortingsmelding 58).

Konkret når det gjeld koplinga av ordet berekraft med økonomi, så har berekraft gjerne tydinga "solid" eller "sunn" – og vert då nytta til å omtale ein "solid" eller "sunn" økonomi. Dette er ein bruk av berekraftordet som har svært lite å gjøre med den forståinga vi finn av berekraftmålet i Brundtlandrapporten og Stortingsmelding 58; i alle fall i ein norsk samanheng. Det er sjølv sagt viktig ut frå både distrikts- og næringspolitiske omsyn viktig at verksemder går med økonomisk overskot, men det er faktisk irrelevant i forhold til målet om ei berekraftig utvikling. Det einaste unntaket her er om vi snakkar om verksemder i den fattige delen av verda; då vil spørsmålet om "solid" og "sunn" økonomi samsvare med den delen av berekraftmålet som gjeld det å styrke levekåra for den fattige del av verda.

Når det gjeld kopling av ordet berekraft med vekst, så har berekraft her ofte tydinga "vedvarande" og kan då knytast til ei førestilling om at det er mogeleg å oppretthalde ei vedvarande økonomisk vekst. Her er vi inne ved sjølve kjernen i miljødebatten. Det er ein lang tradisjon tilbake til 1960-tallet å kritisere målet om vedvarande økonomisk vekst fordi dette er sjølve drivkrafta til både miljø- og utviklingsproblema (der "utvikling" her refererer til spørsmålet om ei meir rettvis fordeling av godar mellom den fattige og rike del av verda). Sjølv om omgrepet "økonomisk vekst" faktisk ikkje er omtalt i t.d. Stortingsmelding 58, er det mange som framleis hevdar at det er mogeleg å kombinere berekraftmålet med eit mål om vedvarande økonomisk vekst. Vår forståing av berekraftomgrepet er at dette ikkje er mogeleg; i alle fall ikkje om vi legg til grunn at alle borgarar globalt skal kunne ha lik rett på den same vedvarande økonomiske veksten. Nokre delar av verda treng openbart å styrke den økonomiske veksten, medan andre delar av verda på sikt må førebu seg på ein negativ vekstrate. Bak dette resonnementet ligg ei forståing av omgrepet økonomisk vekst, der ein positiv økonomisk vekstrate må innebere ei viss auke i forbruket av fysiske ressursar og ureining per person. Gitt at folketallet aukar, og at det ikkje er mogeleg å sjå føre seg ei auke i økonomien med inga (eller negativ) auke i forbruket av fysiske ressursar og ureining, så inneber dette at den samla økonomiske veksten før eller sidan må stanse.

I det vidare vil vi ta utgangspunkt i den tredelinga av berekraftmålet som Stortingsmelding 58 gjev – og som er den offisielle forståinga av berekraftmålet i nasjonal politikk²:

1. Det økologiske perspektivet: Ta vare på det biologiske mangfaldet på jorda.
2. Velferdsperspektivet: Sikre at alle i dag har lik rett til å få tilfredsstilt sine grunnleggjande behov.
3. Generasjonsperspektivet: Sikre at alle i *framtida* har lik rett til å få tilfredsstilt sine grunnleggjande behov.

¹ http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/reqpubl/stmeld/19961997/st-meld-nr-58_1996-97.html?id=191317

² http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/reqpubl/stmeld/19961997/st-meld-nr-58_1996-97/1.html?id=191318


Det første perspektivet tilhører miljødebatten og det andre tilhører utviklingsdebatten, medan det tredje tilhører både miljø- og utviklingsdebatten. Det midtarste perspektivet – velferdsperspektivet – er det som oftest vert utelata i definisjonar og konkretiseringar av berekraftig utvikling; noko som er forståeleg i og med at velferdsperspektivet omfattar den mest kontroversielle delen av berekraftmålet – det som inneber å omfordеле ressursar mellom den fattige og rike del av verda. Dei to siste perspektiva – velferds- og generasjonsperspektivet – blir ofte slått saman til eit omgrep: den *sosiale* berekrafa (tilsvarende "utviklingsdelen" i omgrepet berekraftig utvikling); og då som en motsats til den *økologiske* berekrafa (tilsvarende "berekraftdelen" i omgrepet berekraftig utvikling).

Men berekraftomgrepet er ikkje statisk, og det er og må vere ein stadig debatt om både innhaldet i omgrepet og kva for konsekvensar omgrepet bør ha i praktisk politikk. Samstundes er det då også ein fare for at omgrepet kan ble så endra at det får eit innhald som skil seg vesentleg frå det opphavlege innhaldet.

I sin tid lanserte Nordland fylkeskommune i den første norske fylkeskommunale Agenda 21 planen slagordet: "Berekraftig utvikling eller berre kraftig utvikling?". Dette kan også sto som ein poengtert overskrift for debatten – eller "kampen" – omkring berekraftomgrepet innhald. I figuren under har vi illustrert at denne "kampen" går langs to aksar: Styrke og breidde.

Breidda gjeld kor mange dimensjonar ein ønskjer å leggje inn i omgrepet. Over har vi omtalt dei tre dimensjonane "økologisk" og "sosial"; men det har dukka opp mange supplerande dimensjonar i debatten omkring berekraftomgrepet., som "kulturell", "økonomisk", "etisk" osb.

Styrken gjeld kor mange tema ein ønskjer leggje inn i omgrepet, der særleg spørsmålet om kva ein set som grense for "grunnleggjande behov" er avgjerande. Jo fleire tema som vert tatt med, jo svakare vert omgrepet. Om ein i den mest ekstreme versjonen tar med "alt" – TV, bil, mat, hus osb – som vil den sosiale dimensjonen i berekraftomgrepet innebere det absurde målet om at alle på jorda i dag og i framtida har rett på ein like høg materielt levestandard som nordmenn i dag; noko som sjølvsagt er fysisk umogeleg.



Figur 1 Endringar av innhaldet i berekraftomgrepet

I Soria Moria II³ erklæringa frå Arbeidarparti, Sp og SV regjeringa hausten 2009 vart t.d. "berekraft" nytta i 7 ulike ordkombinasjonar i tillegg til dei "oppfølgje" kombinasjonane frå Brundtlandrapporten: berekraftig velferdsordningar, berekraftig pensjonssystem, berekraftig vekst, berekraftige arbeidsplassar, berekraftig skogbruk, berekraftig ressursbruk og berekraftig kommuneøkonomi.

Det er klart at her har forfattarane tenkt på andre tydingar av omgrepet enn den "Brundtlandske". I mange tilfelle tenker ein nok her på "berekraftig" som synonymt med "vedvarande"; t.d. i kombinasjonen med ordet "kommuneøkonomi"; altså ein kommuneøkonomi som er solid og ikkje vert dårlegare over tid. Tilsvarende kan

³ <http://arbeiderpartiet.no/content/download/26245/375130/version/1/file/Politisk+plattform+2009-2013.pdf>

nok også gjelde for omgrepet "berekraftig reiseliv"; altså at somme tenker meir på "vedvarande" reiseliv – dvs eit reiseliv som vert oppretthaldt og ikkje går konkurs. Dette er ei totalt annleis oppfatning av omgrepet berekraftig reiseliv enn den "Brundtlandske", som er "eit reiseliv i tråd med målet om ei berekraftig utvikling".

Poenget med figur 1 er å få fram at diskusjonen omkring berekraftomgrepets innhald kan gå for "langt", i tydinga omgrepet kan endre innhald så mykje at den opphavlege tydinga heilt er borte. I figuren har vi nytta ein prafrase av eit kjent utsegn frå den kjente planleggingsforskaren Aaron Wildavsky, som i 1973 ga ut ein artikkel i tidsskriftet Policy Sciences med tittelen "If Planning is Everything, Maybe it's Nothing". Wildavskys poeng var at om vi freistar å putte for mykje "inn" i samfunnsplanlegginga, og forvente at samfunnsplanlegginga skal løyse "alle" problem – så vert planlegging eit for omfattande og dermed ubrukeleg omgrep.

Det kanskje klaraste eksempelet på at dette problemet også gjeld for berekraftomgrepet er det som internasjonalt har fått forkortinga TBL, eller 3B – som står for "Triple Bottom Line". Desse tre "botnlinene" er økonomi, sosiale omsyn og miljøomsyn. Poenget er at bedrifter, i tillegg til den opphavlege eine botnina – økonomi – også bør ta sosiale omsyn (t.d. ikkje tilsette barnearbeidarar) og miljøomsyn. Desse tre B-ane har etter kvart blitt omtalt som tre berekraftdimensjonar, altså økonomisk, sosial og miljømessig berekraft – men då med ein heilt anna forståing av "økonomi" enn det som ligg i den Brundtlandske bruken av økonomi. I 3B forståinga dreier "økonomi" seg om vedvarande økonomisk overskot for ein bedrift, medan den Brundtlandske bruken av økonomi gjeld ei meir rettvis fordeling av (økonomiske) godar mellom den fattige og rike del av verda, og mellom dagens og framtidas generasjonar. På ei eiga heimeside som gjeld kritikk av 3B (www.businessethics.ca/3bl/) står m.a. følgjande:

The concept of a Triple Bottom Line in fact turns out to be a Good old-fashioned Single Bottom Line plus Vague Commitments to Social and Environmental Concerns. And it so happens that this is exceedingly easy for almost any firm to embrace.

Sitatet understrekar det some vi har freista å få fram i figure 1; altså faren med at styrken i berekraftomgrepet blir utvatna ved at omgrepet stadig vert utvida.

Sogn og Fjordane: best og dårlegast på miljø?


Miljø nyttet i reiselivssamanheng kan forståast på to måtar i reiselivet. Det miljøbaserte reiselivet er den delen av reiselivet som sel opplevingar knytt til miljø. Det miljøtilpassa reiselivet er den delen av reiselivet som har valt å arbeide systematisk med å redusere miljøbelastninga frå eiga verksemd. I nokre tilfelle vert desse to tilnærmingane kopla saman (slik det t.d. er krav om for å kunne nytte nemninga "økoturisme").

I ein rapport om reiselivet i Sogn og Fjordane frå 2007 laga av Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane nyttar vi to indeksar for å gje eit grovt bilet på i kva grad reiselivet i fylket er miljøbasert og miljøtilpassa:⁴

Miljøtilpasset reiselivsutvikling: Tal miljøfyrtaårnsertifiserte reiselivsbedrifter (statistikk henta frå www.miljofyrtarn.no) i forhold til fylkesfordelt sysselsetting innan reiselivet (reiselivets satellittregnskap utarbeidet av SSB).

Miljøbasert reiselivsutvikling: Tal medlemmar i organisasjonen Norsk Bygdeturisme og Gardsmat (NBG) som tilbyr ulike former for opplevingsprodukt (tilrettelagt statistikk frå www.bygdeturisme-gardsmat.no) i forhold til flatearealet.

Konklusjonen vi trakk ut frå figuren vist under var at vårt fylke – i alle fall i 2007 – var "best" på det miljøbaserte men "dårlegast" på det miljøtilpassa reiselivet.



Figur 2 Indeksar for miljøbasert og miljøtilpasset reiselivsutvikling i Sogn og Fjordane i 2007. Landsgjennomsnitt = 100.

Den typen informasjon som er vist i figuren over må sjølv sagt tolkast med varsemd. Det store innslaget av NBG medlemmar i Sogn og Fjordane kan seie meir om at vårt fylke var tidleg ute med å organisere småskala landbruksbasert reiseliv enn at fylket har eit "betre" tilbod enn andre fylke. Likevel; dette er indeksar som betyr "noko", og hovudkonklusjonen rimar med inntrykk vi kan få gjennom meir detaljerte analysar. Vårt fylke er utvilsomt "stor" på naturbaserte opplevingar, noko ikkje minst kåringa til National Geographic av Vestlandsfjordane som verdas beste turistmål illustrerar. Det er også klart at miljødiskusjonen ikkje har vore sett høgt på dagsordenen av reiselivsnæringa i fylket; i alle fall ikkje i 2007 då desse tala stammar frå. Indeksane vist i figuren over gjev heller ikkje noko meir presis informasjon om kva type kvalitetar som særpregar fylket ("miljøbasen" i opplevingane) eller kva typar miljøutfordringar reiselivet i Sogn og Fjordane står overfor.

⁴ <http://www.vestforsk.no/www/download.do?id=665>

Reiseliv og målet om ei berekraftig utvikling

Miljøtilpassa reiseliv

I det *miljøtilpassa* reiselivet forsøker ein å minimere påverknaden på miljøet, ved for eksempel å redusere energiforbruket, redusere utslepp av ulike typar og sørge for ein mest mulig forsvarlig avfallshandtering. I det *berekraftige* reiselivet forsøker ein å utvide perspektivet på konsekvensar i forhold til det miljøtilpassa reiselivet. Utvidinga skjer langs to aksar:

- ein økologisk akse (jf nemninga "økologisk berekraft")
- ein sosial akse (jf nemninga "sosial berekraft")

Utvidinga som gjeld den *økologiske* aksen inneber eit større fokus på dei globale (og ofte abstrakte) miljøproblema. I tillegg til tradisjonelle (og ofte meir utprega lokale) miljøproblem som støy og lokal ureining, inneber eit berekraftmål at miljøfokuset også skal omfatte globale miljøproblem som klimaendringar og energiforbruk. Desse er globale problem på to måtar: Både konsekvensane i naturen (t.d. global temperaturauke) og årsakene til problema (t.d. utslepp frå privatbilar) er spreidd globalt. Dette inneber ofte at problema også er abstrakte i den forstand at den einskilde bidragsyta til problema (t.d. eg når eg kører bil) ikkje kan erfare direkte effekten av mitt bidrag til problemet (t.d. global auke i temperaturen); dette i mottsetnad til dei lokale miljøproblema (t.d. ureining av eit vassdrag) der den einskilde bidragsyta (t.d. ein bonde med utslepp av silosuft) lett kan erfare effekten av eigne bidrag til problemet.

Utvidinga som gjelder den *sosiale* aksen tar utgangspunkt i utviklingsdelen av målet om ei berekraftig utvikling; altså målet om ein meir rettferdig global fordeling av godar mellom den fattige og rike del av verda i dag og i framtida. Nytt i høve reiselivet inneber dette konkret at reiselivet i større grad må bidra positivt i den økonomiske utviklinga i fattige land. Den sosiale berekraftaksen er dermed lite relevant i vår samanheng; som gjeld reiselivsutviklinga i Sogn og Fjordane. I den grad denne aksen er relevant for Sogn og Fjordane så gjeld det når vi – frå Sogn og Fjordane - ferierar i utlandet. Her vil den sosiale berekraftaksen innehøre at når vi reiser utlands bør vi gjere slik at ein størst mulig del av verdiskapinga tilfaller den fattige delen av befolkninga i den fattige del av verden.

Geoturisme

Tidligare næringsminister Børge Brende lanserte i sin tid gjennom Innovasjon Norge geoturisme som eit prinsipp som skulle vere styrande for den vidare utviklinga av norsk reiseliv⁵. Den forståinga som "eigar" om omgrepet – National Geographic Society – la i dette omgrepet var, kort fortalt, berekraftig reiseliv med eit tillegg som gjeld lokalt sær preg – eller det dei kallar "sence of place"⁶. Eit reiseliv i tråd med deira prinsipp om geoturisme er altså eit berekraftig reiseliv som i tillegg legg vekt på lokalt sær preg. Dette tillegget - det lokale særpreget – har imidlertid vist seg vanskeleg å konkretisere, noko som har vært med å gjøre at Innovasjon Norge etter kvart har gått bort frå å nytte dette prinsippet, og no utelukkande omgrepet berekraftig reiseliv.

Dei problemstillingane som har vore reist i debatten omkring geoturisme sidan prinsippet først vart lansert av National Geographic Society på starten av 2000-talet er ikkje nye innafor reiselivet. Tvert om, det "tillegget" vi har omtalt over er på sett og vis forløparen til reiselivets miljødebatt. Eller rettare sagt; negasjonen av dette tillegget; nemleg debatten omkring negative konsekvensar for lokalsamfunnet av "masseturisme". Omgrep som "lokalttilpassa turisme" og "myk turisme" vart lansert alt på 1960-talet for å gje innhald til ei form for turisme som søker å unngå denne typen konsekvensar. Geoturisme er med andre ord på sett og vis ei alternativ tilnærming til denne tidlegare debatten, der ein i staden for å utvikle tiltak for å unngå negative konsekvensar av "masseturisme" fokuserar på korleis gjere turismen meir lokalt tilpassa i utgangspunktet ved å leggje vekt på det lokal særpreget og "sence of place".

Berekraftig reiseliv

Kva inneber så berekraftig reiseliv meir konkret? Invasjon Norge (IN) gjev følgjande omtale av omgrepet⁷:

⁵ <http://www.innovasjonnorge.no/Satsinger/Reiseliv/Geoturisme/Hva-er-geoturisme/>

⁶ <http://www.nationalgeographic.com/travel/sustainable/>

⁷ <http://www.innovasjonnorge.no/Satsinger/Reiseliv/Berekraftig-reiseliv/>

Et bærekraftig reiseliv er et reiseliv som strekker seg lengre enn til kortsiktige prioriteringer. Et bærekraftig reiseliv fokuserer ikke bare på fordelene for de reisende, men også reiselivets innvirkning for mennesker på stedene som besøkes, og for verdiene i natur, kultur og lokalsamfunn.

Norge som reiselivsdestinasjon er helt unikt når det gjelder disse verdiene. Her finnes natur, luft, vann – og variasjoner mellom disse. Og vi har spredt bosetting. Det betyr at vi har levende lokalsamfunn i hele landet, med nok plass til både oss selv og reisende.

Men våre unike natur- og kulturressurser må ivaretas for at kommende generasjoner skal gis samme opplevelsesmuligheter. Bærekraft i reiselivet knyttes derfor til ansvarlighet, kvalitet og langsiktighet.

Vi ser at denne definisjonen trekkjer inn også det miljøbaserte reiselivet og legg dette inn under omgrepene bærekraftig reiseliv; noko som strengt tatt ikkje hører inn under det opphavlege berekraftomgrepet.

Vi ser vidare at omsynet til komande generasjoner er omtalt i tillegg til dei meir tradisjonelle miljøproblema. Med andre ord – definisjonen over føyer seg inn i andre definisjonar og konkretiseringar av berekraftmålet der ein av ulike grunnar har valt å sjå bort frå det perspektivet som gjerne vert oppfatta som mest kontroversielt; det som gjeld å få ei meir rettvis fordeling av godar mellom den fattige og rike del av verda (altså den sosiale berekrafta).

IN har også laga ei førebels konkretisering av berekraftig reiseliv gjennom 10 kriteria (jf tabellen under). Det føregår i skrivande stund ein diskusjon internt i IN og mellom IN og reiselivet om ei vidare utvikling av kriteria og forståing av heilskapen i berekraftomgrepet anvendt på reiselivet⁸. Det er t.d. slåande at det manglar eit kriterium som gjeld klimagassutslepp. Vidare er det grunn å stille spørsmål ved om ikkje kriteriesett slik det førebels ligg føre (jf tabellen under) vel så mykje er eit kriteriesett for god reiselivsutvikling meir generelt og ikkje avgrensa til ”berre” å omfatte berekraftig reiseliv. Ut frå det vi har drøfta over kan det argumenterast for at dei kriteria som no står oppført under overskrifta ”styrking av sosiale verdier” har lite å gjøre med berekraftmålet slik dette er omtalt i t.d. Stortingsmelding 58, men kan høyre inn under prinsippa for geoturisme. Tilsvarande kan også seiast om dei to kriteria som no er oppført under ”økonomisk levedyktighet”; i alle fall er det ei nær kopling mellom kriterium 9 og geoturismeprinsippet – medan kriterium 10 kan forståast som eit generelt (og godt) prinsipp for god forretningsdrift med gyldigheit uavhengig av målet om ei berekraftig utvikling. Likskapen med kriteriesettet i tabellen under og 3B tilnærminga til berekraftomgrepet er også slåande.

Tabell 1 Innovasjon Noreg sine ti kriteria for berekraftig reiseliv⁹

Bevaring av natur, kultur og miljø	Styrking av sosiale verdier	Økonomisk levedyktighet
1. Kulturell rikdom 2. Landskapets fysiske og visuelle integritet 3. Biologisk mangfold 4. Rent miljø og ressurseffektivitet	5. Lokal livskvalitet og sosial verdiskapning 6. Lokal kontroll og engasjement 7. Jobbkvalitet for reiselivsansatte 8. Gjestetilfredshet og trygghet; opplevelseskvalitet	9. Økonomisk levedyktige og konkurransedyktige reiselivsdestinasjoner gjennom lokal verdiskapning 10. Økonomisk levedyktige og konkurransedyktige reiselivsbedrifter

Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane har gjennom fleire år og i ulike samanheng (dei siste åra m.a. gjennom Balestrand Summit arrangert i samarbeid med IN¹⁰) arbeidd med å utvikle ei forståing av omgrepet berekraftig reiseliv som er i samsvar med den opphavlege forståinga av berekraftig utvikling frå Brundtlandrapporten og som søker å fange opp debattane internasjonalt og i Noreg omkring reiseliv og berekraftig utvikling. Under har vi freista å sammanfatte dette og utvikle ei forståing av berekraftig reiseliv med særleg relevans i denne samanhengen; som eit referansegrunnlag for den strategiske reiselivsplansen for Sogn og Fjordane.

Den tilnærminga til berekraftig reiseliv som vi legg til grunn i det vidare har følgjande utgangspunkt:

⁸ <http://www.innovasjonnorge.no/Satsinger/Reiseliv/Barekraftig-reiseliv/Aktuelle-saker/Innovative-tiltak-for-barekraft-i-reiselivet/>

⁹ <http://www.innovasjonnorge.no/Satsinger/Reiseliv/Barekraftig-reiseliv/Barekraftig-Reiseliv-2015/>

¹⁰ Balestrand Summit 2008: <http://www.vestforsk.no/www/show.do?page=6&articleid=2233> og Balestrand Summit 2009: <http://www.vestforsk.no/www/show.do?page=6&articleid=2506>

- Berekraftig utvikling er eitt av fleire omsyn som må leggjast til grunn i reiselivsutviklinga. Andre omsyn kan vere næringspolitiske og distriktpolitiske omsyn (og det kan sjølv sagt tenkast fleire).
- Berre den delen av berekraftmålet som Stortingsmelding 58 (1997-98) omtalar som det økologiske perspektivet er direkte relevant for utvikling av reiselivsnæringa i Sogn og Fjordane. Det Stortingsmelding 58 omtalar som det velferds- og generasjonsperspektivet (eller samla; den sosiale berekrafta) er ikkje vurdert å vere direkte relevant i denne samanhengen.

Mål som gjeld styrking av berekraftomstsynet i reiselivet må i utgangspunktet avgrensast ut frå desse to punkta. Den konkrete utfordringa blir dermed å utvide frå dei *lokale* til også å ha med dei *globale* miljøproblema. I tillegg kan det argumenterast for å ta med to supplerande dimensjonar:

- Miljøbasert reiselivsutvikling.

Den delen av geoturismeprinsippet som kjem i tillegg til berekraftig reiseliv; nemleg det som gjeld styrking av lokal eigenart og lokal verdiskaping.

Sjølv om desse to dimensjonane strengt tatt ikkje høyrer inn under berekraftmålsettinga slik dette vert konkretisert i t.d. Stortingsmelding 58, så er det i alle fall to legitime argument for å inkludere desse tilleggsdimensjonane i omgrepet berekraftig reiseliv anvendt på reiselivsutviklinga i Sogn og Fjordane: Realisering av mål knytt til desse dimensjonane vil i mange tilfelle understøtte realisering av mål knytt til det økologiske berekraftperspektivet; og vidare: Dette er dimensjonar som synast å ha etablert seg i reiselivsdebatten i både Sogn og Fjordane og nasjonalt (jf drøftinga over av dei ti kriteria til IN). Vi legg difor til grunn i det vidare å inkludere desse to supplerande dimensjonane i vår tilnærming til berekraftig reiseliv.

Kva relasjonar mellom reiseliv og berekraft vert vektlagt?

Vi har så langt freista å gjere eit poeng av at berekraft ikkje er "alt", og omsynet til berekraftig utvikling difor ikkje må gjerast så generelt for dermed å femne om "alt". Det inneber at (også) berekraftomstsyn kan kome i konflikt med reiselivsomsyn – det er ikkje (eller bør ikkje vere) slik at berre vi justerer innhaldet i omgrepet berekraftig reiseliv så inneber det at alt som er "godt" for reiselivet per definisjon også er "godt" for eit berekraftig reiseliv. Samstundes er det klart at det finst vinn-vinn situasjonar der omsynet til reiselivsutvikling og berekraftig utvikling står opp under kvarandre. Og det finst ein mellomposisjon – mellom full konflikt og vinn-vinn – der reiselivet kan hjelpe berekraftarbeidet og motsett. Dette har vi freista å få fram i figuren under, der vi også har tatt inn eksempel for å vise dei i alt åtte teoretiske kategoriar av rasjonar mellom reiselivet og berekraftig utvikling.

Tabell 2 Ulike relasjonar mellom omsynet til reiselivsutvikling og berekraftig utvikling

		Konsekvens for <u>bærekrafthensyn</u>		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Konsekvens for <u>reiselivshensyn</u>	Positiv	Vinn-Vinn 1: lønnsomme tiltak (eks ENØK)	Drahjelp 2: til reiselivet (eks støtte opp om god byggeskikk)	Konflikt 1: ifht bærekraft (eks økt flyturisme til Norge)
	Nøytral	Drahjelp 1: til bærekraften (eks ikke-naturbasert reiseliv støtter naturvern)	(Ikke relevant)	Drahjelp 3: til bærekraften (eks tap av biologisk mangfold i storbyer)
	Negativ	Konflikt 2: ifht reiseliv (eks avgift på transport)	Drahjelp 4: til reiselivet (eks støyproblemer)	Vinn-Vinn 2: "felles fiende" (tap av kulturlandskap)

Variant 1 av vinn-vinn situasjonen er den klassiske og mest fokuserte forma for relasjon som inneheld alle dei lønsame miljøtiltaka; altså tiltak som både styrkar økonomien i reiselivet og reduserar miljøbelastninga.

Den andre varianten av vinn-vinn finn vi fleire eksempel på i Sogn og Fjordane, der poenget er at reiselivet og berekraftarbeidet har ein "felles fiende" – t.d. tap av kulturlandskapet og forsuring av vassdrag med påfølgande tap av laks. Begge er døme på redusert opplevingskvalitet for reiselivet og tap av biologisk mangfold i

berekraftarbeidet. Felles innsats her kan t.d. vere økonomisk bistand frå reiselivet til landbruket for å halde ved vedlike kulturlandskapet, eller at reiselivet og berekraftinteresser gjør felles sak overfor offentlege styresmakter for t.d. auke fiskestelltiltak.

I figuren over er det vist fire variantar av hovudkategorien "draghjelp". Her er poenget at den eine parten kan hjelpe den andre – ein form for solidaritet mellom dei to partane. Variant 1 inneber at reiselivet støtter berekraftinteresser i ein sak som er viktig for berekraftinteressene, medan den i utgangspunktet er nøytral for reiselivsinteressene. Eksempelet som er vist i figuren over er at det ikkje-naturbaserte reiselivet – t.d. kunstmuseum eller eigalar av stavkyrkjer – står berekraftinteressene i arbeidet med å verne om det lokale biologiske mangfaldet. Variant 3 er berre ein negativ utgåve av variant 1 ved at reiselivet gjør felles sak med berekraftinteressene for å motarbeide ei utvikling som er negativ for berekraftinteressene – t.d. tap av biologisk mangfald.

Motsett kan berekraftinteresser stø reiselivet i spørsmål som er nøytral for berekraftinteressene men viktige for reiselivet. Eksempel på dette er støtte til god byggeskikk (variant 2 i tabellen over) eller støtte i arbeidet med å redusere lokale støysizeproblem som vert vurdert som negative for reiselivet. Dette er begge eksempel på problem som fell utafor råmene for berekraftarbeid etter eit krav om at berekraftig utvikling konsentrerer seg om dei globale miljøproblema, og slik sett ikkje fokuserar på typiske lokale miljøproblem (som t.d. byggeskikk og støy). Den siste hovudkategorien i tabellen over er konfliktna mellom reiseliv og berekraftig utvikling. Denne kategorien er i to variantar. Det som i tabellen er kalla variant 1 gjeld forhold som er positivt for (i alle fall delar av) reiselivet men negativt i forhold til målet om ei berekraftig utvikling, der tabellen viser det klassiske eksempelet med flyturisme – eller rettare sagt *auka* flyturisme. Problemet er ikkje så mykje flyturisme i seg sjølv, men det etter kvart svært store omfanget av flyturisme. Variant 2 gjeld motsett, altså forhold som er positivt for berekraftinteressene men negativt for reiselivet. Eksempelet som er vist i tabellen er avgifter på persontransport, ut frå tankegangen at det kan innebere mindre persontransport (og dermed mindre utslepp av klimagassar) men at dette kan ha ein uheldig negativ verknad for reiselivet i form av mindre trafikk, og dermed dårlegare økonomi. Det er sjølv sagt eit mål å få mest mogeleg av utviklinga over i dei "grøne" boksane vist i tabellen over, men det er viktig å ikkje late som om dei "raude" boksane ikkje finst. I noko av debatten omkring berekraftig reiseliv kan ein få eit slikt inntrykk, der all merksemrd blir retta mot dei "mørkegrøne" boksane og ingen tørr ta opp dei "raude" boksane.

Eit berekraftig reiseliv i Sogn og Fjordane?

Hovudutfordringar

Under har vi ført opp det vi meiner er dei viktigaste berekraftutfordringane for reiselivsutviklinga i Sogn og Fjordane. Desse byggjer igjen på ei normativ oppfatning av korleis reiselivsutviklinga *bør* vere; nemlig følgjande to overordna mål:

- Eit reiseliv som er meir i samsvar med målet om ei berekraftig utvikling slik målet vert omtalt over, og;
- Eit reiseliv som bidreg meir til verdiskapinga i Sogn og Fjordane.

Eit annleis normativt utgangspunkt vil sjølvsgart inneber eit annleis syn på kva som er dei viktigaste utfordringane.

Vidare har vi tatt utgangspunkt i det vi over har definert som dei tre hovuddimensjonane i berekraftig reiseliv som vi meiner er relevante for Sogn og Fjordane:

- Økologiske berekraft
- Geoturisme
- Miljøbasert reiseliv

Vi har i tillegg gjort ei utdyping av kvar av desse hovuddimensjonane. For den økologiske berekrafa har vi skilt mellom lokale og globale miljøutfordringar. For geoturisme har vi tatt med oss dei to "tillegga" i forhold til berekraftig reiseliv (jf drøftinga av geoturisme over) som gjeld lokal eigenart og lokal verdiskaping. Og for den miljøbaserte reiselivsutviklinga har vi skilt mellom utfordringar knytt til det å ta vare på kvalitetar i dagens natur og samfunn i fylket, og utfordringar knytt til mogelege konsekvensar av klimaendringar.

Når det gjeld formulering av sjølve utfordringane har vi avgrensa oss til å peike på *tematikken* i utfordringane. Ei utfordring som gjeld *temaet* urørt natur, vil i praksis ha ei todelt utfordring: Dels er det ei "positiv" utfordring som gjeld å *ta i bruk* urørt natur som reiselivsressurs (utan samstundes å øydeleggje den urørte naturen); dels er det ei "negativ" utfordring som gjeld å hindre *tap* av urørt natur (t.d. som følgja av nye kratlinjer). Desse er omtalt nærmere i den vidare teksten.

Tabell 3 Berekraftutfordringar for reiselivsutviklinga i Sogn og Fjordane

Berekraftdimensjonar	Utfordringstema
Økologisk berekraft	Lokale miljøutfordringar
	Støy
	Lokal ureining
	Arealbruk
	Globale miljøutfordringar
	Klimagassutslepp
Geoturisme	Energiforbruk
	Biologisk mangfald
	Lokal eigenart
	Særprega natur
	Byggeskikk
	Lokal kultur
Miljøbasert reiselivsutvikling	Lokal verdiskaping
	Direkte lokal verdiskaping frå reiselivet
	Avleia lokal verdiskaping frå reiselivet
	Kvalitetar i dagens natur og samfunn
	Lokal busetnad
	Omfang av landbruk
Konsekvensar av klimaendringar	Kulturlandskap
	Verneområde
	Urørt natur
	Tilgong på jakt og fiske
	Naturskade
	Snøforhold
	Slitasje på kulturminne

Det er viktig å skilje mellom *målgruppe* når det gjeld utfordringane omtalt i tabellen over. Nokre utfordringar rettar seg "innover" mot reiselivsnæringa, mens andre i større grad rettar seg "utover" mot t.d. lokale styresmakter, andre lokale aktørar eller statlege styresmakter. Vidare vil utfordringane "innover" ha ulik relevans for ulike delar av reiselivsnæringa. Transportselskap vil t.d. ha andre berekraftutfordringar enn marknadsføringselskap. I det vidare vil vi kort gå gjennom utfordringane vist i tabellen over. Eit generelt problem her er at det ikkje er laga eit

samla "berekraftrekneskap" som viser konkret kva konsekvensar dagens reiselivsutvikling i Sogn og Fjordane har hatt og kan få i forhold til dei utfordingane vi har lista opp i tabellen over. Vi veit t.d. ikkje kor store utslepp det er frå cruiseturismen i fylket eller kor stor verdiskaping cruiseturismen legg at i fylket. Vi veit noko om omfanget av urørt natur og kvalitetane i kulturlandskapet, men vi veit ikkje kor mykje av dette som har gått tapt dei siste åra – eller korleis dette kan utvikle seg framover t.d. som følgje av klimaendringar. Dette og andre "hol" i kunnskapen vår om status gjer at gjennomgangen under må bli svært generell og overflatisk.

Dei økologiske berekraftutfordingane

Det er ikkje gjort nokon form for samla analyse av korleis norsk reiseliv påverkar dei lokale og globale miljøproblema. Det nærmeste vi kjem ei slik samla analyse er tre granskingar som gjeld vurdering av samla utslepp til luft frå norsk reiseliv (Holden, 1995), talfesting av den samla reiselivsrelaterte transporten i Norge (Høyler og Simonsen, 1995) og ei analyse av det samla fritidsrelaterte energiforbruket i Norge (Hille mfl, 2007). Innafor prosjektet Sustainable Destination Norway finansiert av Noregs forskningsråd og Nærings- og handelsdepartementet vil Vestlandsforskning i løpet av våren 2010 publisere ei grov slik analyse, men då på nasjonalt nivå og ikkje med eigne tal for Sogn og Fjordane. Vi har difor ikkje grunnlag for å gå grundig inn i dei konkrete utfordingane som gjeld den økologiske berekrafta for reiselivet i fylket.

Støy

Mange turistar som kjem til fylket set pris på ro og fråver av støy. Samstundes er det eksempel på reiselivsprodukt i fylket som fører med seg ei punktvis stor støybelastning; i hovudsak helikopterbaser turisme. Her må reiselivet velje om dei ønskjer å profilere seg samla sett som eit "støyfritt" fylke (i alle fall fri for problematisk støy generert av reiselivet sjølv); eventuelt om ein ønskjer ei soneinndeling med nokre støyfrie soner og andre soner der det er opna opp for meir støykrevjande reiselivsformer; eller om ein lar det vere opp til andre å fastsetje slike grenser – eventuelt også om reiselivet ønskjer å ha ein aktiv politikk overfor andre aktørar og aktivitetar som kan medføre uønska støy (t.d. fritidskøyring med snøscooter, vegtrafikk o.a.).

Lokal ureining

Reiselivet utgjer i liten grad ein stor kjelde til lokal ureining i fylket. Unntaket kan vere utslepp frå eit avgrensa tal serverings- og overnattingsverksemder til særleg sårbarer recipientar (t.d. overnattingsverksemder i høgfjellet med utslepp til mindre vassdrag) og utslepp frå cruisebåtar. Til det siste må reiselivet i samarbeid med hamnestyresmaktene velje om dei vil stille krav til cruisebåtane, t.d. leggje til rette for og så krevje tilkopling til straumaggregat på land (og dermed forbod mot å køyre eige dieselaggregat) ved landliggende. Andre ureiningsproblem for reiselivet kan vere kjemikaliebruk i samband med kunstsnøproduksjon.

Dei store utfordingane knytt til lokal ureining i Sogn og Fjordane har likevel andre kjelder enn reiselivet, i alle fall om vi inkluderar sur nedbør (som eigentleg er eit regionalt og langtransportert ureiningsproblem) i denne kategorien av utfordingar.

Arealbruk

Når det gjeld arealbruk og problema knytt til negativ påverknad av biologisk produktivt areal, så finst det som allereie nemnd ikkje nasjonale tal her. Her er konflikten på tre nivå:

- Nedbygginga av areal til ulike formar for fysiske anlegg (bygningar, parkeringsplassar). Her utgjer venteleg reiselivsanlegg ein relativt liten del nasjonalt av andre typar inngrep (industrianlegg, vegar, private bustader osb).
- Direkte påverknad frå fysiske anlegg, der arealet ikkje blir direkte nedbygde – men i større eller mindre grad påverka av fysiske inngrep (t.d. alpinlegg). Også her er nok reiselivet relativt liten i ein nasjonal målestokk, samanlikna t.d. med vasskraftutbygging og linjenett, men lokalt kan reiselivet være store bidragsytarar.
- Indirekte påverknad som følgje av reiselivsrelatert ferdsel i natur (t.d. snøscootertrafikk, fotturar). Avhengig av kor vidt vi definerar reiseliv (t.d. om vi inkluderar friluftsliv) er reiselivet relativt sett ein viktig bidragsytar her. Det er likevel eit uavklart spørsmål kor dramatisk denne typen påverknad er i forhold til det biologiske mangfaldet. Lokalt kan det vere store problem, som t.d. i forhold til kalvingsområde for villrein, men sumeffekten er likevel uklar.


Den kanskje viktigaste miljøverknaden av overnattings- og serveringsbedrifter er av arealbruken til bygningar, parkeringsplassar, tilførselsveier med meir. Ønske om mest mulig attraktiv plassering av overnattingsbedrifter kan

i mange samanheng vere med å auke konfliktnivået lokalt. Ei granskning gjort i Nordfjordregionen viser fleire eksempel på at bygging av hotell har øydelagt våtmarksområde attraktive for ulike fuglearter. Det siste store våtmarksområdet i Stryn kommune blei for eksempel øydelagt som følgje av ein riksvegutbetring utafor Hotel Alexandra. Loen Fjordhotell, som blei ferdigbygd i 1996, er også bygd på eit våtmarksområde med tidlegare stort fugleliv. Utfyllinga i Loen utgjer det mest omfattande naturinngrepet inst i Nordfjord dei siste 50 år. Det har vært ein betydelig endring i naturlandskapet i Loen det siste 10-året, der reiselivet sitt arealforbruk har auka med 500 prosent i perioden 1967-96. Korleis arealsituasjonen er i resten av fylket er ukjent.

I den grad hytteutbygging fell inn under reiselivsomgrepet, representerar dette truleg ei aukande arealutfording. Den nasjonale trenden er at storleiken på hyttene (og med det; tilknyta energiforbruk og klimagassutslepp) aukar. Sidan starten på 1980-talet har det gjennomsnittlege bruksarealet for hytter auka med 60 prosent til om lag 100 m² i dag – medan gjennomsnittleg storleik på bustadhus i same periode har gått ned med over 20 prosent til 130 m². I tillegg har utbyggingsforma endra seg i retning av store feltutbyggingar – eventuelt kopla opp mot ulike formar for anlegg (t.d. bade- eller skianlegg) – og då i form av "fjellandsbyar". Desse utviklingstrekkene er problematisk ut frå ein miljøsynsstad, og kan også vere utfordrande for reiselivsnæringa – ikkje minst ved at attraktive areal for reiselivet blir privatisert og landskapet blir negativt påverka av denne forma for utbygging.

Klimagassutslepp og energiforbruk

Klimagassutslepp og energiforbruk heng nært sammen. Høgt energiforbruk vil normalt innebere eit høgt klimagassutslepp, om ikkje ein vesentleg del av energiforbruket kjem frå fornybare energikjelder. Klimagassutslepp og energiforbruk frå reiselivet knyter seg først og fremst til transporten inn og ut av destinasjonen. Ei nasjonal kartlegging for Noreg viser at transportdelen av det samla direkte og indirekte energiforbruket (og dermed ein noko større del når det gjelde klimagassutslepp, i og med at så godt som all energiforbruk til transport er frå fossile energikjelder medan noko av den stasjonære energiforbrukene er frå fornybare energikjelder) står for om lag to tredelar (jf figuren under). Resten vert fordelt mellom opplevelser (parkar, museum o.a.), overnatting og servering.



Figur 3 Fordeling av samla direkte og indirekte energiforbruk for nordmenns utøving av reiseliv i Noreg, 2005¹¹

Om vi ser på kven som står for transporten så viser tal frå 1995 at feriesegmentet står for om lag 80 prosent av transportarbeidet (og dermed om lag same prosentfordeling når det gjeld klimagassutslepp frå transport), medan forretning står for 20 prosent. Vidare visar dei same tala at nordmenns feriereiser i Noreg er den største kategorien, med om lag halvparten av transportarbeidet. Så kjem utlendingars feriering i Noreg (medrekna transport til og frå Noreg) med om lag ein tredel. Resten vert fordelt på nordmenn og utlendingar sine forretningsreiser i Noreg¹².

¹¹ <http://www.vestforsk.no/www/download.do?id=638>

¹² <http://www.vestforsk.no/www/show.do?page=12&articleid=1188>

Sogn og Fjordane har i det siste i fleire samanheng vert omtalt som "fornybarfylket"¹³, med tilvising til det store omfanget av fornybar energi som vert produsert i dag og det store potensialet for å auke denne produksjonen. Men utbygging av meir fornybar energi har også eit konfliktpotensiale, ikkje minst i forhold til reiselivsinteresser. Fleire vindmøller på land langs kysten, fleire store vassdragsutbyggingar, den storstilte satsinga på småskala vasskraftutbygging og planar om nye og store kraftleidningar i luftspenn aukar presset på urørt natur og kan slik sett få negative følgjer for reiselivet. Ei vurdering av forholdet mellom vindkraft på land og reiselivet som er gjennomført av Vestlandsforskning på oppdrag frå både reiselivs- og vindkraftnæringa konkluderte med at det i dag er få konkrete lokale konfliktar mellom desse to næringane, men at det er eit mogeleg konfliktpotensiale mellom vindkraft på land og reiselivsinteresser i kystområda knytt til sumeffektar av vindkraftutbygging¹⁴.

Nemninga "fornybarfylket" har så langt ikkje vore knytt til *forbruk* av energi i fylket. Nemninga har heller ikkje vore nytta som eit utgangspunkt for å profilere fylket i reiselivssamanheng. Begge desse alternative tilnærmingane er nytta i nokre tilfelle av utalandske destinasjonar, m.a. i Austrikk og Tyskland. Ei slik tilnærming i Sogn og Fjordane føreset for det første at auka forbruk av ny fornybar energi også blir sett på dagsorden, ikkje berre spørsmålet om auka produksjon, og at eventuelle konfliktar mellom produksjon av ny fornybar energi og reiselivet blir avdekkja og løyst – noko som så langt ikkje har vært gjort systematisk.

Dagens system for miljøsertifisering av reiselivet rettar seg i hovudsak mot dei lokale miljøproblema. I den grad dei globale miljøproblema er omfatta så gjeld det klimagassutslepp og energiforbruk frå den stasjonære delen av reiselivet – ikkje transporten inn og ut av destinasjonen. Eitt unntak gjeld sertifisering som Økoturistbedrift; her er det eit krav om at hovuddelen av marknadsføringa ikkje skal rette seg utafor Europa – for på den måten å redusere miljøbelastninga frå reise til og frå verksemda. Men hovudfokuset i dei ulike sertifiseringsordningane er altså på det stasjonære; i drifta av hotellet, restauranten eller andre formar for reiselivsanlegg. Og så langt er det svært få reiselivsverksemder i Sogn og Fjordane som er miljøsertifisert.

Biologisk mangfold

Biologisk mangfold er både ei avgrensing og potensiale for reiselivet. I tillegg kan reiselivet vere ei del av løysinga for å ta vare på det biologiske mangfaldet.

Reiselivet kan påverke negativt det biologiske mangfaldet gjennom nedbygging av biologisk viktige areal eller gjennom auka ferdsel i biologisk viktige område (t.d. kalvingsområde for villrein). Desse problemstillingane er omtalt i punktet over som gjeld arealbruk.

Vidare representerar det biologiske mangfaldet ei viktig opplevingsressurs, både direkte (jakt, fiske, fugletitting osb) og indirekte (ein integrert del av den samla opplevinga av naturen). Også her kan reiselivet påverke det biologiske mangfaldet direkte, både positivt og negativt. Positivt ved at reiselivet kan gje økonomisk grunnlag for vedlikehald av det biologiske mangfaldet, t.d. gjennom skjøtsel av kulturlandskapet eller fiske- og viltstelltak; og negativt ved at den direkte utnyttinga av det biologiske mangfaldet (t.d. jakt og fiske) kan føre med seg ei overutnytting (t.d. relevant i samband med lakse- og sjøaurefiske).

Men også her er det truleg trugsmål frå andre sektorar som er det sentrale; altså at andre enn reiselivet påverkar det biologiske mangfaldet i negativ retning. Det avgjerande for reiselivet blir då å halde seg orientert om utviklinga i det biologiske mangfaldet og på det grunnlaget presse på for at dei kvalitetane reiselivet er avhengig av ikkje blir negativt påverka.

Samla vurdering av den økologiske berekrafta for reiselivet i Sogn og Fjordane

Det er inga grunn til å tru at reiselivet i Sogn og Fjordane skil seg vesentleg frå resten av reiselivet i Noreg når det gjeld type og omfang av konfliktar i forhold til den økologiske berekrafta. Under har vi punktvis ført opp nokre mogelege forskjellar.

Om vi ser på dei *lokale* miljøproblema er det også trekk ved fylket som kan skilje oss frå resten av landet:

- Viktige opplevingsressursar knyter seg til urørt natur og fråvær av støy. Det inneber at reiselivsaktivitet som medførar inngrep og støy i urørt natur fører med seg store konfliktar i Sogn og Fjordane.
- Samstundes er vi eit "småskala" fylke, også i reiselivssamanheng. Mange og relativt små overnattingsverksemder og serveringsstader inneber at lokal ureining frå reiselivet venteleg er mindre enn i andre delar av landet.

¹³ <http://www.vestforsk.no/www/show.do?page=6&lang=no&articleid=2571>

¹⁴ <http://www.vestforsk.no/www/download.do?id=970>

Om vi ser på dei *globale* miljøproblema er det særleg utslepp knytt til transport som truleg skil oss frå resten av landet:

- Fordi delen utanlandske turistar er noko høgare enn for resten av landet er det truleg at energibruk og utslepp frå reiselivsrelatert transport er noko høgare i Sogn og Fjordane. Ei målsetting om auke i tal utalandsturistar – eventuelt supplert med ei målsetting om ytterlegare å legge til rette for flybasert reiseliv (t.d. gjennom konsept som "fly and drive") – vil kunne forsterke denne forskjellen..
- Utslepp frå cruisetransport er ikkje tatt med i dei oversyna som er vist over. Gitt det store innslaget i dag av cruiseturisme (og ambisjonar som mange aktørar synast å ha om å auke dette omfanget), så inneber dette ei ytterlegare forsterking av transportutfordringa for reiselivet i Sogn og Fjordane.

Vidare kjem ei utfordring på tvers av dei lokale og globale miljøproblema som skil vårt fylke frå resten av landet; og det er det låge talet miljøsertifiserte reiselivsverksemder. Her er det ein jobb å gjere for vårt fylke.

Geoturisme som utfordring

Den delen av geoturismprinsippet som vi tar med oss her gjeld altså spørsmålet om lokal eigenart og lokal verdiskaping.

Lokal eigenart

Kva som utgjer ein lokal eigenart er sjølv sagt svært vanskeleg å generalisere. Det kan vere fråværet av menneskeleg påverknad (t.d. mykje urørt natur) eller det kan vere motsett (t.d. industristadar som Høyanger og Årdal), og det kan vere mykje opp til den einskilde kva som vert oppfatta som nettopp lokal eigenart.

Tradisjonelt har særprega naturen (brear og fjordar), særprega byggjeskikk (m.a. stavkyrkjene) og den lokale kulturen (i seinare tid også *mafolkulturen*) vore framheva som det som utgjer den lokale eigenarten i Sogn og Fjordane. Ei granskning frå Hardanger viser at det vi tradisjonelt oppfattar som lokalt særpreg kanskje ikkje er så særprega; i alle fall ikkje for alle. Her hadde ein tatt utgangspunkt i omlegginga av fruktproduksjonen til i aukande grad å vere dekka av plast. Granskninga viste noko overraskande at det nordmenn oppfattar som særleg verdfullt ved Hardanger – fruktblomstringa – ikkje er så viktig for utalandsturistar. Dermed blir ikkje det å dekkje til frukttre med plast oppfatta som så stort tap av "lokal eigenart" av utlanderske som av norske turistar¹⁵.

Til sjuande og sist så koker spørsmålet om lokal eigenart ned til kva eigenart vi som verkskap ønskjer å presentere for dei som kjem på besøk; samstundes som vi bør vere opne for å korrigere dette biletet ut frå tilbakemeldingar frå dei som kjem på besøk. Utfordringane blir dermed (1) å ha ein vedvarande og open prosess for å klargjere kva som bør vere den lokale eigenarten, og samstundes (2) ha eit system for å få tilbakemeldingar frå dei besøkande på den same eigenarten – og korleis eventuelt endre eller ta betre vare på den lokale eigenarten.

Lokal verdiskaping

Det vert ofte uttalt eit ønskje om å auke den *lokale* verdiskapinga i reiselivet; ei målsetjing som då kjem på toppen av ei meir grunnleggjande målsetting om å auke verdiskapinga generelt i reiselivet. Samstundes peiker andre på at det er viktig å få inn kapital i reiselivet, og at ein difor må vere open for at denne kapitalen også kan kome "utafrå". Vidare er det ei stor utfordring å skaffe nok lokal arbeidskraft innafor reiselivet. Ein stor del av arbeidskrafta – både ufaglært og faglært – vert henta utafor fylket; i aukande grad også utafor landet. Den kanskje mest grunnleggjande utfordringa når det gjeld lokal verdiskaping frå reiselivet blir dermed tal arbeidstakrar innafor reiselivet som også er busett i Sogn og Fjordane.

I tillegg til den direkte verdiskapinga "innafor" reiselivet – og her er det sjølv sagt også ein diskusjon kor grensene for "reiseliv" skal gå – så fører reiselivet med seg verdiskaping i andre sektorar. Her kan det vere eit mål å auke den lokale verdiskapinga som vert avleia av økonomisk aktivitet i reiselivssektoren.

Ein viktig del av reiselivet i Sogn og Fjordane er landbruket, både ved at landbruket sjølv utgjer delar av reiselivet i form av gardsturisme (både overnatting, servering og opplevelingar) og at landbruket i tillegg er ein leverandør av viktige ressursar til reiselivet. Det er ressursar som kulturlandskap, ferdselsårer i utmark og mat i form av råvarer og tilverka mat – der den økonomiske verdien av den siste kategorien ressursar kan målast direkte. Eit aktuelt mål her er å auke delen lokal mat i reiselivet, forstått som både å auke råvareleveransar, leveransar av foredla produkt (t.d. saft, spekemat osb) og mattradisjonar (altså tilby turistane matrettar med tradisjonar frå fylket).

¹⁵ <http://www.forskning.no/artikler/2006/mars/1143373415.72>

På dette siste – mat som ressurs i reiselivet – er vårt fylke langt framme nasjonalt. Vi har for det første det høgaste absolutte talet registrerte gardsmatprodusentar som er medlem i organisasjonen Hanen (tidlegare Norsk Bygdeturisme Gardsmat), med 25 medlemmar per 1.12 2009. Rekna i forhold til tal jordbrukseiningar ligg vårt fylke også på topp, med ein indeks på 190 i forhold til landsgjennomsnittet på 100 (rekna som tal gardsmatmedlemmar i Hanen per 1000 jordbrukseiningar). Nest høgaste fylke er Hordaland med 164. Så kjem Nordland med 140 og Møre og Romsdal med 139. Viktige jorbruksfylke som Rogaland og Oppland har indeksar på h.v. 65 og 110.


Miljøbasert reiselivsutvikling

Vi har i tabellen over ført opp to dimensjonar knytt til den miljøbaserte reiselivsutviklinga i Sogn og Fjordane: kvalitetar i dagens natur og samfunn, og korleis klimaendringar kan endre dei same kvalitetane.

Kvalitetar i dagens natur og samfunn

Det er gjerne to trekk ved fylket som blir framheva som verdfulle når det gjeld miljøbasert reiseliv: kvalitetar ved naturen, og kvalitetar ved samfunnet. Det første gjeld kva type natur vi kan tilby, medan det andre knyter seg gjerne til den forma for spreidd og småskala samfunn som har vokse fram gjennom århundre i fylket.


Tidlegare "reiselivsminister" Børge Brende pleide å innlei sine reiselivsforedrag med å vise eit kart over tap av urørt natur. Hans poeng var at urørt natur er ein viktig reiselivsressurs. Skogsvegbygging, kraftlinjer, vasskraftutbygging (ikkje minst dei såkalla minikraftverka – som ofte er langt frå å vere "mini") og vindkraftutbygging er eksempel på tiltak som skjer i utmarka i Sogn og Fjordane, og som fører til ei stadig reduksjon av arealet med urørt natur. Dei rauda og raudbrune områda i kartet under viser kor vi har tapt urørt (eller "inngrepssfrie") naturområde dei siste åra og kva som er igjen i fylket. Vidare har vi vist område som i dag er verna etter naturvernlova. Den siste granskingsa viser at over 1.000 kvadratkilometer inngrepssfri natur har gått tapt i Noreg i perioden 2003-2008. Dette er ei auke i tapet på vel 30 prosent samanlikna med førra periode (1998-2003). Landet sett under eitt er det Finnmark, Nordland, Sør-Trøndelag og Sogn og Fjordane som har hatt størst bortfall i siste periode. Vassdrags- og energisektoren har auka og sto i siste periode for 40 prosent av tapet medan tapet av inngrepssfrie område til jord- og skogbruk er redusert, og utgjorde 30 prosent av bortfallet dei siste åra. Nasjonalt kan reiseliv og turisme kan forklare 8 prosent av tapet.



Figur 4 Status for inngrepssfrie område i Sogn og Fjordane (www.dirnat.no)

Det som over er vist som urørt natur er ikkje samanfallande med verna natur (jf figuren under). Naturvern har tradisjonelt ført med seg store konflikter i Sogn og Fjordane, men dei siste åra har verna natur i større grad blitt verdsett som ein ressurs i reiselivssamanheng.


Kulturlandskap – ofte forstått som det historiske jordbrukslandskapet – blir av mange sett på som ein like viktig reiselivsressurs som den urørte eller verna naturen. Tilsvarande blir gjengroing av kulturlandskapet sett på som eit trugsmål mot kulturlandskapet sin verdi for reiselivet. Gjengroing av kulturlandskapet skjer på grunn av fleire forhold. Dels er det endra bruk av utmarka (stans i storfebeite og stans i vedhogst i fjellområda; dvs ved til ysting på stølane), dels er det auka nedfall av nitrogen frå sur nedbør (gjer ei gjødselseffekt), og dels er det klimaendringar i form av temperaturauke som gjev ei høgare tregrense.



Figur 5 Status for verna og verneverdige område i Sogn og Fjordane (www.dirnat.no)

Den landskapskvaliteten som kanskje har størst verdi for reiselivet i Sogn og Fjordane – eller i alle fall er mest omtalt av reiselivet i marknadsføringssamanheng – er "fjordlandskapet". I samband med Fylkesdelplan for vasskraftutbygging for Sogn og Fjordane¹⁶ er det gjort ei vurdering av kva typa verdi fjordlandskapet har (jf figur under). Innunder omgrepet fjordlandskap har fylkesdelplanen tatt alle fjordar/fjordløp som ligg innanfor kystbygdene samt store innsjøar (større enn 7 km²). Avgrensing av fjordlandskap mot dal-/fjellandskap innanfor/ovanfor er gjort skjønnmessig på kart, utifrå kva ein reknar med vil vere godt synleg frå fjorden/innsjøen. Nasjonal verdi er gjeve til landskap som grensar til, eller ligg i, verna område/vassdrag, viktige kulturlandskapsområde og urørte natur (jf figurane over).

¹⁶ [http://www.sj.no/cmssf/cm.publish.nsf/\\$all/6DC86C9111C5D2C6C12573EC004E2903](http://www.sj.no/cmssf/cm.publish.nsf/$all/6DC86C9111C5D2C6C12573EC004E2903)



Figur 6 Vurdering gjort i Fylkesdelplan for vasskraftutbygging av viktige fjordlandskap i Sogn og Fjordane¹⁷

Det grunnleggjande problemet for reiselivet er kan hende likevel ikkje sjølve gjengroinga, sjølv om dette kan skape lokale problem særleg langs vegar (hindrar utsikt); men det at gjengroing heng saman med nedlegging av gardsbruk. Blir gardsbruken borte mister reiselivet ein viktig infrastruktur i form av bygningar (lokale til overnatting og servering), gardsvegar og stiar (til turgåing), menneske (vertskap og formidlarar) og kunnskap (om bruk av utmarka). Berre dei siste ti åra (frå 1998 til 2009) er talet husdyrbruk i fylket vårt gått ned med 40 prosent, frå 4.721 til 2.508. På landsbasis var nedgangen 35 prosent. I same periode har tal husdyr som går (eller kan gå) delar av året på beite – dvs storfe, mjølkeku, sau og geit – gått ned med 24-28 prosent; også det ein større reduksjon enn for landet samla sett.

Konsekvensar av klimaendringar

Vi er framleis i ein tidleg fase metodisk sett når det gjeld å kunne vurdere lokale og regionale konsekvensar av klimaendringar. Det er framleis usikkerheit rundt korleis somme klimaparameter (t.d. vind og nedbørsfordeling mellom aust- og vestlandet) vil endre seg; og ikkje minst er det ei stor usikkerheit korleis utsleppa vil endre seg framover. Men det er også usikkerheit om korleis ei gitt klimaendring vil påverke natur og (i neste omgang) samfunn, og det er stor usikkerheit korleis klimaendringar vil kunne spele saman med andre endringar i både natur og samfunn. Og til slutt; det er ikkje berre klimaendringar som kan påverke reiselivet – også klimapolitikken (og då særleg økonomiske verkemiddel – t.d. avgifter – som gjer det dyrare å reise) vil kunne påverke reiselivet. Det som uansett er rimeleg sikkert er at klimaet endrar seg, at klimapolitikken endrar seg, og at dette vil endre føresetnadene for utøving av reiseliv; også i Noreg.

Det er i alle fall tre forhold som vil kunne endre vilkåra direkte for reiselivet i Sogn og Fjordane knytt til klimaendringar:


- Auka fare for naturskade
- Auka slitasje på kulturminne
- Endra snøforhold

¹⁷ Vil bli lag tut på [http://www.sfi.no/cmssff/cmspublish.nsf/\\$all/6DC86C9111C5D2C6C12573EC004E2903](http://www.sfi.no/cmssff/cmspublish.nsf/$all/6DC86C9111C5D2C6C12573EC004E2903)

Auke i ekstremvær kombinert med nye "formar" for vær, som i seg sjølv ikkje er ekstremt, men som kan gje "ekstreme" konsekvensar (t.d. oftare veksling mellom frost og tining om vinteren), kan gje negative konsekvensar for reiselivet. Det kan bli meir av det "kjente" (t.d. oftare ras på allereie i dag rasutsette vegar), og det kan bli "nye" hendingar (som t.d. vassmetta jordras til tider på året der dette ikkje har skjedd før eller flom i småbekkar som aldri har opplevd flom tidlegare).

Det er gjort forsking på korleis kulturminne kan bli påverka av klimaendringar, og konklusjonen er at auka temperatur og auka nedbør kan auke slitasjen og med det auke kostnadane til vedlikehald. Problema er knytt m.a. til auka problem frå skadeinsekt (t.d. på trebygningar), auka rotetfare på grunn av m.a. meir slagregn og auka korrosjon.¹⁸

Det er svært sannsynleg at snøforholda vil endre seg i Sogn og Fjordane; dette som ein kombinasjon av auka temperatur og den store naturgeografiske variasjonen. I figuren under er vist forventa endringar i tal dagar med snødekket for perioden 2071-2100 samanlikna med perioden 1961-1990. Vi ser at vårt fylke truleg vil bli særleg hardt råka målt (delen mørkeraude område på kartet i figuren under). Vidare ser vi at mange av dagens skianlegg i fylket ligg utsett til i forhold til desse spådomane.



Figur 7 Kartet viser endringar i tal dagar med snødekket frå normalperioden 1961-1990 til perioden 2071-2100 (www.senorge.no)

Klimaendringar kan føre til mange og samansette endringar i natur og samfunn. Det er ikkje gitt korleis klimaendringar vil slå ut for reiselivet i Noreg og vårt fylke. Eitt scenario er at på grunn av høgare drivstoffpriser (for å redusere utslepp av klimagassar) vil nordmenn ferier meir i Noreg; noko som kan vere positivt for norsk reiseliv. Samstundes kan dette også føre til færre turistar frå utlandet; særleg dei som i dag kjem med fly. Eit anna scenario er at på grunn av varmare klima i Sør-Europa vil fleire Europeiske turistar velje å feriere i Nord-Europa. Også her kan effekten bli positiv for Noreg og vårt fylke. Eit tredje scenario er at vilkåra for vintereturisme vil bli dårligare. Sjølv om vintereturisme er ein relativt beskjeden del av den samla turistmarknaden i Noreg, kan utsлага i typiske vinterdestinasjonar bli store.


¹⁸ <http://www.klimakommune.no/kulturarv/index.shtml>

Eksempel frå Sogn og Fjordane på utvikling av mål om eit berekraftig reiseliv

Under har vi tatt med eksempel på hovudmål med tilhøyrande delmål slik dei låg føre hausten 2009 (hovudmål 1 og 2) og innspel frå Vestlandsforskning om inkludering av mål om eit meir berekraftig reiseliv (hovudmål 3).

Hovudmål 1: Auke i tal gjestedøgn

Tal gjestedøgn i Sogn og Fjordane skal auka frå 1,37 mill i 2008 til 2,28 mill gjestedøgn i 2025. Dette svarar til 3,1% årleg vekst.



Figur 8 Grafen viser målsetjinga for vekst i tal gjestedøgn frå 2008 til 2025. Veksten svarar til 3,1% årleg vekst

Gjestedøgn vil vera ein hovudindikator, for måling av utviklinga av reiselivet. Gjestedøgn seier mykje om den generelle utviklinga av reiselivet. Styrken til gjestedøgn som indikator, er at SSB har god service knytt til denne indikatoren for heile landet, at me har tal for gjestedøgn langt attende i tid, og at gjestedøgn også vert mykje nytta som indikator i andre land. Gjestedøgn som indikator har også sine svake sider, og derfor vil ein bruka andre indikatorar i tillegg.


Delmål 1.1: Turisme året rundt – vinterturisme og sommarturisme

Veksten i gjestedøgn skal skje ved at 73 % av veksten kjem i perioden oktober til april.

Av ein total vekst på 907.000 gjestedøgn fram til 2025, vil dette svara til 662.000 gjestedøgn. Resten av veksten skal skje i perioden mai til september. Denne veksten vil svara til 245.000 gjestedøgn, eller 27%.

Grunngjevinga for denne fordelinga er at turismen i Sogn og Fjordane i dag primært skjer om sommaren, noko som ikkje støttar opp om ønsket om heilårs arbeidsplassar. Klarar ein å lukkast med haust, vinter og vårturisme, så vil det gi eit betre grunnlag for arbeidsplassar året rundt, og sterkare lokalsamfunn.

I figuren under er det ført opp relativt stor vekst i skisesongen frå januar til april. Truleg vil dette vera lettast å dra nye turistar til Sogn og Fjordane i denne perioden, knytt til ski og andre vinteraktivitetar.




Figur 9 Grafen viser fordelinga av turistar gjennom året i 2008, og mål for ny fordeling i 2025, i tal gjestedøgn pr. månad. Målet er at 73% av veksten skal skje fra oktober til april, med februar og mars som dei to store månadene for vinterturisme.

Delmål 1.2: Fleire norske turistar enn utanlandske turistar

Veksten i gjestedøgn skal skje ved 4% vekst i norske gjestedøgn og 2% vekst i utanlandske gjestedøgn.

Veksten i norske gjestedøgn har vore sterkare og jamnare enn veksten i utanlandske gjestedøgn etter 2001.

Transport av norske turistar til Sogn og Fjordane er mindre skadeleg for klima enn transport av utanlandske, generelt sett. Satsinga på vinterturisme høver godt saman med ei relativ auka satsing på norske turistar.



Figur 10 Grafen viser målsetjinga for vekst i norske gjestedøgn og utanlandske gjestedøgn frå 2008 og fram til 2025. Veksten svarar til høvesvis 4% og 2% årleg vekst.

Hovudmål 2: Auka verdiskaping

Auka verdiskaping er eit "standardmål" for næringsretta regionale utviklingsprosessar. Inkludert i uttrykket verdiskaping er både overskot til bedriftene og lønskostnader. Normalt reknar ein også avskrivingar inn i uttrykket.

- Driftsoverskot (viktig for bedrifta)
- + Lønskostnader (viktig for lønstakarane og lokalsamfunnet)
- + Avskrivingar (viktig for modernisering og kapasitetsutviding)
- = Verdiskaping

Fyljande næringsgrupper blir definert å tilhøyre reiselivet:

- Hotell- og restaurantverksemd
- Transport med jernbane, sporveg og forstadsbane

- Transport med rutebil og drosjebil
- Utanriks sjøfart, passasjertransport
- Innanriks sjøfart
- Lufttransport
- Reisebyråverksemnd m.m.
- Utleige av transportmiddel
- Underhaldning, nyhende og kultur
- Sport og anna fritidsverksemnd

Verdiskapinga innan reiselivet blir då definert som summen av bruttoproduktet frå kvar av desse næringsgruppene. Bruttoproduktet i ei næring er lik bruttoproduksjonsverdien (dvs samla salsinntekt) fråtrekt kjøp av vareinnsats.

Verdiskapinga innan reiselivet blir då definert som summen av bruttoproduktet frå kvar av desse næringsgruppene. Bruttoproduktet i ei næring er lik bruttoproduksjonsverdien (dvs samla salsinntekt) fråtrekt kjøp av vareinnsats.

Reiseliv er arbeidsintensivt. Det kjem klårt til uttrykk i tabellen, der lønskostnadane utgjorde 77% av verdiskapinga i middel pr. år i perioden 2000 til 2006. Store lønskostnader er positivt for arbeidstakarane og som regel for lokalsamfunna. Men, lønskostnaden må ikkje vera så store, at bedriftene får problem med å overleva, eller utvikla seg i tråd med krav i marknaden.

Tabell 4 Tabellen gjeld for hotell- og restaurantnæringa (NACE 55) i Sogn og Fjordane.

			Omsetning	Verdiskaping	Lønskostnader	Del av samla
År	Tal bedrifter	Tal tilsette	Mill kroner	Mill kroner	Mill kroner	Sysselsetting (%)
2000	349	2 117	931	419	324	4,0
2001	343	2 071	920	391	315	3,9
2002	358	2 022	931	410	316	3,9
2003	359	1 962	925	395	315	3,7
2004	358	1 705	931	412	310	3,3
2005	363	1 798	958	435	325	3,5
2006	360	1 636	1 030	459	346	3,1
Middel	356	1 902	947	417	321	3,6
Mål 2025		2.500		918		

Som kommentaren i høyre marg påpeker, gir tabellen over ikkje hele bildet. Her er omtalen av svakheitene ved disse dataa slik de sto omtalt i den før omtalte rapporten Torbjørn var med å skrive (de same svakheitene gjelder altså for tabellen over):

Innafor dei tids- og ressursrammene som har vore for planarbeidet har vi berre klart å få fram eit svært avgrensa datamateriale.

For det *fyrste* har vi berre informasjon om dei verksemndene som er organiserte som *aksjeselskap*, med nokre få unntak. Unnataket er for musea, informasjonssentra og breførarlaga.

For det *andre* innehold datamaterialet i utgangspunktet berre informasjon om den delen av reiselivsnæringa som består av *overnattingsverksemder*. Dette gjeld hotell, pensjonat, hytter osb. I tillegg inneholder materiale informasjon om nokre få verksemder knytt til oppleveling, som museum og informasjonssentra samt nokre breførarlag. Ein såpass viktig del av reiselivet som restaurantverksemnd er *ikkje* med. Vi har heller ikkje tal for dei typiske *små* overnattingssverksemndene. Desse er normalt ikkje er organisert som aksjeselskap. Offentleg reiselivsstatistikk har heller ikkje med småverksemder med under 20 senger eller under 8 campinghytter¹⁹.

¹⁹ Småskala reiselivsbedrifter som utleige av hytter og hus kan ha eit stort omfang i mange lokalsamfunn. Ei tidlegare granskning av Nordfjordregionen utført av Vestlandsforskning viser t.d. at 2/3-dele av reiselivsbedriftene ikkje er registrert i offentleg statistikk (Teigland 1997). Omfanget av småskala overnattingstilbod i Nordfjord hadde i 1995 ein sengekapasitet i toppsesongen som var 24 prosent *større* enn alle hotell, herberger, motell og campinghytter

For det *tredje* har vi berre informasjon om verdien av omsetnaden, dvs noko i nærleiken av bruttoproduksjonsverdien, og ikkje verdiskapinga, dvs bruttoproduktet, i dei einskilde verksemdene.

Delmål 2.1: Auka verdiskaping i hotell- og restaurantnæringa

Verdiskapinga i hotell- og restaurantnæringa skal auka frå kr 459 mill i 2006 til kr 918 mill i 2025, basert på tal frå SSB.

I Hotell og restaurantnæringa (NACE 55) finn ein dei mest sentrale aktørane i reiselivsnæringa. Verdiskapinga i denne bransjegruppa har auka lite dei siste åra, noko som kan tyda på at bransjen har vekstproblem.

Vekst i hotell- og restaurantnæringa vil også bety mykje for andre bedrifter som har turistane som målgruppe, som t.d. gardsturisme, opplevingsnæringane og transportnæringane.

Dersom ein klarar å få opp verdiskapinga i hotell- og restaurantnæringa, så vil det også bety mykje for planen sine delmål knytt til verdiskaping.

Delmål 2.2: Fleire arbeidsplassar i hotell- og restaurantnæringa

Tal tilsette i hotell- og restaurantnæringa skal auka frå 1.636 i 2006 til 2.500 i 2025.

Hotell- og restaurantnæringa spelar ei viktig rolle som arbeidsgivarar for lokal arbeidskraft kringom i fylket.

Nedgongen i sysselsette har gått jamt ned dei siste åra. Nedgongen frå 2000 til 2006 var på 481 tilsette, noko som svarar til 22% av arbeidsstyrken i 2000. I den nye reiselivsplanen legg ein opp til ein vekst som vil gi 2500 tilsette i 2025.

Delmål 2.3: Auka verdiskaping i landbruksturismen

Verdiskapinga i landbruksturismen skal auka.

Me kjenner ikkje i dag verdiskapinga i landbruksturismen i Sogn og Fjordane. Me set derfor førebels opp ei målsetjing om tredobling av verdiskapinga innan år 2025. Dette gjeld bedrifter som er medlemer av Norsk Bygdeturisme og gardsmat, bedrifter knytt til utmarksbasert reiseliv og eventuelt andre bedrifter. Med over 5000 gardsbruk i fylket er potensialet stort.

Delmål 2.4: Auka verdiskaping i opplevingsnæringane

Verdiskapinga i opplevingsnæringane skal auka.

Me kjenner heller ikkje til dagens verdiskaping i opplevingsnæringane i Sogn og Fjordane. Men, me veit at potensialet for vekst er stort. Me set derfor opp ei målsetjing om tredobling av verdiskapinga innan år 2025.

Hovudmål 3: Auke berekrafta i reiselivsutviklinga i Sogn og Fjordane

Planen legg opp til å utvikle eit reiseliv som er meir i samsvar med den økologiske dimensjonen i målet om ei berekraftig utvikling. I dette ligg tre hovudelement: Redusere både den lokale og globale miljøbelastninga frå reiselivsnæringen i fylket; styrke den lokale eigenarten ved reiselivet i fylket og styrke ressursgrunnlaget for den miljøbaserte reiselivsutviklinga. I tabellen under har vi oppsummert dei utfordringane planen rettar seg inn mot. Ei tverrgåande utfordring her er mangelen på kunnskap om dei ulike tema, som igjen gjer det vanskelig å formulere heilt konkrete og presise utfordringar. Den grunnleggjande berekraftutfordringa blir difor å lage eit detaljert "berekraftrekneskap" som viser korleis det står til med berekrafta for reiselivet i fylket vårt meir detaljert enn det vi har klart å framstille her. Utfordringane om å auke den lokale verdiskapinga – som tidlegare er drøfta under overskrifta "berekraftig reiseliv" - er handtert i punktet over om "verdiskaping".

Delmål 3.1. Utarbeide eit system for periodiske fylkesvise berekraftrekneskap

I løpet av 2010 skal det utviklast eit system for korleis gjennomføre periodiske (t.d. kvart 4. år) berekraftrekneskap for reiselivsutviklinga i fylket og det skal avklarast rutinar for korleis resultata frå rekneskapen skal nyttast som kunnskapsgrunnlag for vidare strategisk beslutningar i reiselivssamanheng. I 2011 skal dette rekneskapet gjennomførast for første gong.

Kunnskapsgrunnlaget om den faktiske berekrafta i reiselivet i fylket er for svakt til å kunne gjere meir presise og målretta strategiske beslutningar vedrørende den vidare reiselivsutviklinga i fylket. I denne planen (kapittel 2.5)

har vi gitt ei nærmere omtale av innhaldet i eit slikt rekneskap. Vi har likevel ikkje omtalt meir konkret korleis resultata frå eit slikt rekneskap skal nyttast; det vil seie i kva for beslutningsprosessar og av kva for organ og organisasjonar. Dette må aktørane innafor reiselivet ta stilling til.

Delmål 3.2 Redusere både den lokale og globale miljøbelastninga fra reiselivsnæringen

I 2025 skal minst 50% av reiselivsbedriftene i Sogn og Fjordane vere miljøsertifisering og reiselivet i Sogn og Fjordane skal vere klimanøytralt.

Ein må rekna med at både turistane og styresmaktene sitt fokus på miljø vert viktigare og viktigare i tida framover. Kanskje vil turistane krevje miljødokumentasjon av reiselivsnæringa. For reiselivsnæringa vil det då vera like viktig å drive miljømessig rett med omsyn på eiga inntening som a få omsyn til miljøet.

For å nå målet om å bli klimanøytralt må reiselivet redusere sine direkte klimagassutslepp som skjer innafor fylket, leggje om innkjøp av varer og tenester i retning av slike som førar med seg mindre klimagassutslepp og arbeide for mindre klimagassutslepp frå det å transportere turistar inn, ut og gjennom fylket. Dei utsleppa som framleis står att skal kompenserast gjennom dei kompensasjonsordningar som er godkjent eller tilrådd av statlege styresmakter. I praksis vil denne politikken innebere at det må leggjast mindre vekt på å marknadsføre Sogn og Fjordane utafor Europa, og at det blir lagt mindre vekt på både flybasert og cruisebåtbaseret reiseliv; og større vekt på turisme som reiser kollektivt og "kortreiste" turistar. Vidare må utslepp og energibruk knytt til drift av reiselivsanlegg og servering av mat reduserast. Til det siste vil det vere viktig å nytte ein langt større del lokalt og økologisk produsert mat; både som råvarer og forelda matvarer.

Delmål 3.3 Styrke den lokale eigenarten ved reiselivet

I løpet av 2011 skal det utviklast eit kvalitetssystem for heile fylket som gjeld sikring av den lokale eigenarten i reiselivet.

Det skal utviklast eit system med to føremål: (1) Klargjere kva som reiselivet i dag meiner bør vere den lokale eigenarten, og (2) Syte for systematisk tilbakemeldingar frå dei besøkande om kva dei meiner om eigenarten; kva som er den lokale eigenarten og korleis denne vert tatt vare på i dag. Eit slikt rapporteringssystem kan med fordel vere nettbasert, men det er viktig at kunnskapen ein kan få ut av eit slikt system blir kanalisiert inn i dei relevante strategiske beslutningsprosessane i reiselivssamanhang.

Delmål 3.4 Styrke ressursgrunnlaget for den miljøbaserte reiselivsutviklinga

I løpet av 2011 skal fylkeskommunen lage ein handlingsplan for korleis sikre ytterlegare svekking av ressursgrunnlaget for den miljøbaserte reiselivsutviklinga.

Ein slik handlingsplan må knytast opp til sentrale styringsmiddel som fylkesrealplan i medhald av plan- og bygningslova, dei landbrukspolitiske verkemidla, samferdslepolitikken og økonomiplanen. Handlingsplanen må rette seg inn mot følgjande ressurstypar:

- Urørt natur
- Verna område
- Stillheit (dvs område med fråver av støy)
- Kulturlandskap
- Omfang av aktivt landbruk
- Tilgang til jakt og fiskeressursar
- Kvaliteten på kulturminne

Vidare må handlingsplanen innehalde ei vurdering av konsekvensane klimaendringar og endringar i klimapolitikken kan føre med seg for reiselivsutviklinga i fylket og korleis fylket kan møte desse utfordringane. Dette må gjerast som ein del av oppfølginga av Fylkesdelplan for klima og miljø.

Etterord: Kor berekraftig kan reiselivet bli?

I samband med det pågående arbeidet med å vidareutvikle Trysil til ein enda større reiselivsdestinasjon, blei Vestlandsforskning bedne om å spele inn tankar omkring korleis Trysil også kan bli ein berekraftig destinasjon. I dette innspelet laga vi ein enkel "berekraftstige" der vi tok utgangspunkt i spørsmåla: Kor berekraftig kan ein gjere reiselivet? - og - Kor lite berekraftig kan reiselivet ende opp med å bli? Tabellen under viser denne "stigen" der vi laga ein forenkla skala med i alt seks posisjonar langs ein akse frå null (ikkje berekraftig) til fire (maksimal berekraft så langt det let seg gjere innafor grensene sett av dagens samfunnssystem) og fem (som føreset ei radikal samfunnsomlegging).

Tabell 5 Berekraftstige for reiselivsutviklinga

Stigetrinn	Innhold	Eksempel
0) "Busines as usual"	En reiselivsutvikling fri for miljøhensyn, som derfor i prinsippet vil kunne medføre den største miljøbelastningen	Mye av reiselivsutviklingen som har vært så langt i Norge
1) "Greenwashing"	En reiselivsutvikling der man avgrenser seg til å ta miljøhensyn bare i den grad disse er direkte lønnsomme for bedriften og de ellers ikke på noen måte oppfattes som kontroversielle. Miljøhensyn er ellers underordnet alle andre hensyn i reiselivsutviklingen.	De første forsøkene på miljøtiltak i reiselivet, der for eksempel miljøinnsatsen reduseres til skiltet med "ikke legg håndkleet på gulvet hvis du ut fra miljøhensyn kan klare deg uten nyasket håndkle hver dag ..."
2) Miljøbasert reiseliv	En reiselivsutvikling som avgrenser sitt miljøfokus til utvikling av "miljø" som ressursgrunnlag uten samtidig å være opptatt av hvordan redusere miljøbelastningen fra egen virksomhet.	De formene for utmarksturisme eller jakt- og fisketurisme, der "miljøelementet" består i at reiselivsproduktet er opplevelser i naturen. Et konkret eksempel kan være en naturbaserte aktivitet som havsafari i åpne RIB-båter.
3) Miljøtilpasset reiseliv	En reiselivsutvikling der man er opptatt av å redusere miljøbelastningen fra egen virksomhet, også hvis dette medfører større investeringer og ellers endring i driften som ikke på kort sikt behøver å være lønnsom. Samtidig er fokuset normalt avgrenset til det som gjelder den ikke-mobile delen av reiselivet; altså ikke reisen til/fra destinasjonen eller bedriften.	Ulike miljøsertifiseringsordninger innebærer normalt at bedrifter må bevege seg ut over et "greenwashing" nivå, som for eksempel Miljøfyrtn, ISO 14001, Debio eller Svane.
4) Bærekrafttilpasset reiseliv	En reiselivsutvikling der man også arbeider med å redusere de globale miljøproblemene av egen virksomhet (som klimautslipp, energiforbruk og konflikter med biologisk mangfold) og der man er opptatt også av transport; både innen og til/fra destinasjonen eller bedriften.	Spranget mellom kategori (3) og (4) kan vi knytte til hvorvidt spørsmålet om miljøbelastningen fra transport til/fra destinasjonen eller bedriften blir tatt opp. De mange forsøkene på bilfrie destinasjoner i Europa er i grenselandet, men på kategori 3 siden av grensen. Tilleggsordningen sammenslutningen av bilfrie destinasjoner i Sveits (GAST) har med å gi besøkende rabatter hvis de kan dokumentere at de har kommet fram med tog eller buss, er på kategori 4 siden av grensen. Den norske varianten av ordningen med økosertifisering er også på denne siden, i og med at det for eksempel er

		et kriterium knyttet til begrensinger når det gjelder markedsføring overfor turister utenfor Europa (som igjen er et virkemiddel for å redusere miljøbelastningen fra transporten til/fra bedriften)
5) Bærekraftig reiseliv	Et reiseliv med ingen netto utslipp av klimagasser, halvert energiforbruk og som bidrar vesentlig til en bedre fordeling av goder mellom den fattige og rike delen av verden.	Et ideal som i prinsippet ikke kan nås med mindre resten av samfunnet også arbeider for en bærekraftig utvikling. Det gir derfor ikke mening å si at reiselivet "er" bærekraftig, fordi det ikke er mulig å se for seg et bærekraftig reiseliv som en "øy" i et ellers ikke bærekraftig omkringliggende samfunn.